



delar av avlaupsanlegget.

Føremålet med det er å auke kapasitet på rensesstasjonen slik at ein kan kople til anna eller ny busetnad. Det gjeld mellom anna ny skule på Fyllingsnes (Eikanger).

Denne avlaupsløysinga vil gjelda for planområdet slik det er fremja, områda BKS1-4 og BFS1-2. Storneset hyttelag har over tid utvida seg og har igangsatt eige arbeid knytt til spørsmålet om å betre avlaupstilhøva. Dette arbeidet vart satt på vent då planarbeidet for Nystøtunet tok til for å sjå om det var mogleg med felles løysing. Det er det einighet om at det ikkje let seg gjere både praktisk og økonomisk. Med denne avklaringa kan Storneset hyttelag arbeide vidare med sitt prosjekt.